

Idrettsstemne

Etter lydbandopptak med Karl K. Nakkeberg (1892- ?) i 1977

- Eg var med då idrettslaget arrangerte friidrettsstemne i 1915 ved Tjønnane nedanfor Lastølen. Der var det fleire stemne i den tida. Seinare arrangerte idrettslaget òg stemne nede i Bjønnagjerdet på Velle.
- Det vart til vanleg konkurrert i lengde, høgde, 100-meteren og terrengløp.
- Om vintrane vart det arrangert skirenn. Det var berre langrenn i mi tid. Løypa gjekk frå ungdomshuset, inn i Holebotnen og tilbake. Det var ei lang løype. Han Haugknut-Andreas var liksom basen. Han pla vinne. Men så var det eit år eg greidde å slå han. Og det likte han ikkje Hauknut´n. Men det var no berre moro.

Jostein Drabløs